



forum for
natur og friluftsliv

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Kulturavdelinga
postmottak.kultur@sfj.no

Leikanger 23.05.2014

Høyringsfråsegn frå FNF – forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane til høyringsutkast til kulturstrategi 2014 – 2017.

Om FNF - Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane:

FNF er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftorganisasjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og friluftinteressene i aktuelle saker. FNF i Sogn og Fjordane har eit nettverk med 10 medlemsorganisasjonar på fylkesnivå med til saman over 16 000 medlemmar. FNF arbeider også for å sikre areal for eit aktivt friluftsliv. Friluftsliv er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og vern om naturen er å sikre livsgrunnlaget for oss sjølve og komande generasjonar. Friluftsliv er ein del av norsk kulturarv og ei kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse.

Kulturstrategi 2014 - 2017

Ytringskultur legg opp til større bredde og inkluderer det frivillige kulturlivet. Ytringskultur vert nemnt som den verksemda som har meiningsskaping og kommunikasjon som hovudføremål.

Vi viser til vårt innspel tidleg i prosessen om at norsk natur også er ein viktig del av norsk kultur, inklusive aktivitetar og tradisjonar som vert haldne i hevd knytt til desse tema.

Natur- og friluftslivet inklusive kystkulturen som FNF famnar om er ikkje nemnt konkret i dokumentet. Vi spør såleis på kva måte våre interesser er med og om våre aktivitetar i all sin breidde vert rekna med i kulturomgrepet?

Visjon:

Kulturaktivitet og kulturoppleving gir oss eit rikare liv og byggjer identiteten vår!

Vi støttar opp under visjonen og legg vekt på at aktivitet innanfor kulturlivet er avgjerande viktig for eit levande og rikt kulturliv og for rekruttering av nye generasjonar til all tradisjonell og moderne aktivitet og for vidareføring av kunnskap og erfaring.

I høve identitetsbygging er naturen og landskapet også vesentleg for bygging og oppleving av eiga identitet.

Satsingsområda 2014 – 2017

1. Kulturarv

- Kulturomgrepet bør inkludere heile byggmiljø og kulturlandskapet som er deira autentiske omgjevnad
- Natur- og kulturarven høyrer naturleg saman
- Kystkulturen med fartøyvern og -bruk er og ein del av kulturen i fylket

2. Den kulturelle grunnmuren

FNF sine organisasjonar representerer kompetanse, deltaking og oppleving av vidareført kultur knytt til natur og landskap og bidreg til større breidde i den aktive kulturarenaen i kommunane.

3. Profesjonell kunst og kultur (festivalar er nemnt, friluftslivet leverer festivalar som High Camp, Naturfilosofisk seminar, Fjellfilmfestivalen, Fjellsportfestivalen, Våt moro, Friluftsfestivalen i Jølster, desse er ein del av kulturlivet i fylket!)

4. Frivillig sektor (her ønsker FNF-organisasjonane å høyre inn, men lite i teksten underbygger dette). Natur- og friluftsgesamtiserte organisasjonane inkl. Forbundet Kysten har lokale lag og er godt spreidd i fylket, dei samarbeider regionalt, men ikkje alle organisasjonar har ein formell regional overbygning. Det virker uheldig om ein manglande formell regional organisering kan ligge til hinder for eit samarbeid med fylkeskommunen og kulturavdelinga.

5. Kulturtilbod for alle

Kystlaga er viktig samarbeidspart og leverer kompetanse og aktivitetstilbod til den kulturelle skulesekken innan kystkultur.

Med venleg helsing



Forbundet Kysten
Lars Olav Rylandsholm, Kystlaget Hornelen

Sogn og Fjordane Turlag
Marino Ask



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Marit Vøien Nes



Norges Jeger og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane
Bjarne Huseklepp

Forum for natur og friluftsliv
Elisabeth Dahle
Koordinator